



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Oktober 2019

## Årsrapport 2018-19 frå mobbeombodet i Hordaland

## OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Organisasjons- og økonomiavdelinga  
Kontaktinformasjon/e-post: Mari-Kristine Morberg, [mobbeombod@hfk.no](mailto:mobbeombod@hfk.no)  
Foto: Atle Kold Hansen, Hordaland fylkeskommune  
Dato: 18.10.2019

# INNHALD

<b>FORORD</b> .....	<b>4</b>
<b>MOBBEOMBODET I HORDALAND</b> .....	<b>5</b>
<b>TILRÅDINGAR</b> .....	<b>6</b>
<b>FØRESPURNADANE</b> .....	<b>8</b>
Kva gjeld førespurnadane? .....	8
Førespurnadane i tal .....	9
Tidsbruk .....	10
<b>ANNA ARBEID I 2018-19</b> .....	<b>11</b>
Nettsider, sosiale medium og media .....	11
Workshop, innlegg og føredrag .....	11
<b>SAMARBEID OG SYSTEMARBEID</b> .....	<b>12</b>
Kommunane .....	12
Barnehagar og skular .....	12
Samarbeid med elev-, lærling- og mobbeomboda i Noreg .....	13
<b>VEGEN VIDARE</b> .....	<b>13</b>

# Forord

Dei aller fleste barn og unge i Hordaland trivst og har det bra i barnehage og skule. Det er mange engasjerte og dyktige menneske som jobbar hardt for å skape trygge og gode miljø for barna og elevane. Eg får vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar kring barnehagebarn og elevar.

Men vi veit òg at det er fleire tusen barn som ikkje er trygge og som ikkje har gode nok miljø. Dei fleste av desse får mykje god hjelp og støtte i barnehagen, på skulen eller i kommunen/fylkeskommunen. Men det finst barn og unge som opplever å ikkje få hjelp eller ikkje få god nok hjelp. Foreldra til desse barna er dei som oftast tek kontakt med meg.

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for skuleåret 2018-2019. Frå hausten 2018 fekk mobbeombodet utvida stilling og er no mobbeombod for barnehagebarn og elevar i grunnskulen, i tillegg til elevar i vidaregåande. Årsmeldinga er ei oppsummering av arbeidet som er gjort av mobbeombodet i perioden. I tillegg fremmar mobbeombodet råd til politikarar og barnehage- og skuleeigarar basert på problemstillingane som går igjen i førespurnadane til mobbeombodet.

Eg vil takke alle gode samarbeidspartnarar og alle barn, unge og føresette som tek kontakt og delar sine historier og erfaringar med meg.

Mari-Kristine Morberg  
Mobbeombod i Hordaland

16.10.2019

# Mobbeombodet i Hordaland

Mobbeombodet i Hordaland er eit lågterskeltilbod for barn, elevar og føresette i Hordaland. Alle kan spørje henne om råd om barnehage- og skulemiljø. Ho skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø.



Foto: Atle Kold Hansen, HFK

Dette gjer mobbeombodet:

- Støtter og rettleiar barn, elevar og føresette i saker om psykososialt miljø
- Gir informasjon og opplæring til barn, elevar og føresette (førebygging)
- Jobbar for å skape dialog og oppfølging, også etter at saker er handtert
- Samarbeider med barn og unge, samt aktørar som arbeider med barn og ungdom på ulike nivå (til dømes: elevråd, ungdomsråd og ungdommens kommunestyre, Elevorganisasjonen, kommunar, barnehage- og skuleeigarar, PPT, skulehelsetenesta, helse aktørar, politiet, frivillige organisasjonar, høgskular og universitet)
- Er ein informasjonsressurs og rettleiar for tilsette i barnehage og skule
- Støtter elev- og lærlingombodet i arbeid med psykososialt miljø i vidaregåande opplæring
- Bidrar til dokumentasjon og erfaringsdeling i fylket og nasjonalt

Mobbeombodet jobbar etter barnehageloven og rammeplanen, etter kapittel 9A i opplæringslova (elevane si rett til eit trygt og godt skulemiljø) og barnekonvensjonen. Den viktigaste og høgst prioriterte oppgåva er å hjelpe enkeltmenneskjer i møte med systemet. Ombodet er ikkje ein sakshandsamar, men ein koordinerande aktør, pådrivar og rettleiar i saker om psykososialt miljø. Mobbeombodet har ikkje mynde til å pålegge barnehagane eller skulane tiltak, men kan rettleie og påverke. Ombodet har teieplikt.

Prioriterte innsatsområde 2018-2019 har vore barn med spesielle behov.

## Korleis kan arbeidet med ein førespurnad sjå ut?



# Tilrådingar



**Barnehage/skuleigarar må sørgje for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad barnehage/skule (inkludert skulefritidsordning) om førebygging og handtering av barnehage- og skulemiljø. Det må særleg vere fokus på undersøking og analyse.**

Mobbeombodet ser at det er stor vilje i barnehagane og skulane til å gjere det rette. Når barn eller unge uttrykkjer at dei ikkje har det bra, er dei tilsette snare med å sette i gang tiltak. Likevel ser ombodet at det er behov for ytterlegare kompetanseheving fleire stader. Det gjeld særleg når det gjeld undersøking (deriblant observasjons-kompetanse) og analyse av funna. Korleis forstår ein det ein finn i undersøkingane? Om ein sett inn tiltak utan å vite heilt kva ein sett inn tiltak mot, så er det lett for at tiltaka ikkje verker. Rett kompetanse er heilt naudsynt for å handtere sakene om skulemiljø og mobbing skikkeleg.



**Det bør opprettast innsatsteam i alle kommunar for gode barnehage- og skulemiljø og mot mobbing, som kan gå inn i konkrete saker og hjelpe barnehagane og skulane med å løyse saker.**

Aktive innsatsteam som er lett tilgjengelege for barnehage og skule kan vere ei god løysing i arbeidet med trygge og mobbefrie miljø. I utfordrande barnehage- og skulemiljø saker kan innsatsteam vere ein fagleg ressurs som både har kompetanse og kan ta del i arbeidet. Det vil kunne opplevast som god støtte å ha ressurspersonar i nærområdet, som gjennom kartlegging og modellering kan hjelpe barnehagen og skulen til å handtere utfordringar på ein profesjonell måte. Slikt samarbeid vil truleg òg kunne opplevast som eit praktisk og teoretisk læringsarbeid for den tilsette frå barnehagen eller skulen. Det kan vere klokt å ha ei ressursgruppe på kvar eining som er ekspertar på barnehage/skulemiljø og mobbing/kapittel 9A. Ei slik ressursgruppe bør bli følgt opp av opplæringsavdelinga i kommunen og få jamleg fagleg påfyll frå/saman med innsatsteamet. Heimen vil ha nytte av slike team, både med tanke på fagleg og emosjonell støtte.



**Auka sensitivering ovanfor barn og krenkingar frå vaksne bør vere prioritert i åra framover.**

Mobbeombodet har sidan ho starta vore opptatt av vaksne som krenker barn. I vidaregåande opplæring ser ein at om lag halvparten av dei som blir krenka på skulen blir krenka av vaksne. Forsking visar at det er stor «smitteeffekt», haldninga vaksne visar barn/unge påverkar korleis barn og unge behandlar kvarandre. Som vaksen har ein stor makt ovanfor barn og unge. Det er viktig at ein heile tida er klar over denne makta og heile tida jobbar med eigne haldningar, verdiar og strategiar på ein systematisk måte for å utvikle positive samspel, førebygge og handtere uheldige samspelsmønstre.



**Det må jobbast endå meir med barnehage/skule-heim-samarbeid og korleis ein møter barn/unge og føresette i sårbare situasjonar.**

Foreldreengasjement og foreldresamarbeid er heilt avgjerande i arbeidet med å skape trygge miljø – både i barnehagen, på skulen, på fritida og på nett. Det er naudsynt med eit systematisk samarbeid med heimen frå barnehage og gjennom alle åra på skule, slik at det opplevast trygt for dei føresette å delta i arbeidet. Mobbeombodet oppmodar om at ein har skulemiljø som tema på alle foreldremøte og at ein legg opp til møter som er prega av dialog.

I dei fleste meldingane mobbeombodet får er det brot på tilliten mellom barnehagen/skulen og heimen. Barnehage- og skuleeigar bør sikre at ein har klare rutinar for trygg møteleiing, referatskriving og evaluering av møta. Mobbeombodet oppmodar om at ein øver på å gje emosjonell støtte til barn og føresette i sårbare situasjonar.



**Kommunane og andre barnehage- og skuleigarar jobbar med klar og lett tilgjengeleg informasjon til barn, unge og føresette om barnehagebarn og elevar sine rettar. Den einskilde barnehage og skule må vere tydeleg på kva som er barnehagen/skulen sine rutinar i saker og kva barn og familiar kan forvente av barnehagen/skulen.**

Mobbeombodet informerer mykje om retten til trygge og gode barnehage- og skulemiljø, deriblant kapittel 9A opplæringslova. Skular har ei informasjonsplikt etter § 9 A-9 «Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.»

Mobbeombodet meiner at det er meir fokus på dette no enn tidlegare, likevel er det mange som ikkje kjenner til rettane sine. Særlig er ombodet bekymra for at barn og unge sjølv ikkje blir informert om rettane sine på ein forståeleg måte. Ombodet oppmodar òg skular, barnehagar og kommunar/eigarar å ha tydeleg informasjon på sine nettsider om korleis ein skal gå fram om ein ikkje har det trygt og godt på skulen/i barnehagen og kva dei kan forvente frå skulen/barnehagen og eventuelt eigar. Det er viktig for at barn og unge skal våge å gje beskjed om kva dei opplev. Det same gjeld dei føresette.



**Digital dømmekraft prioriterast i undervisning og i samarbeid mellom føresette og barnehage/skule.**

Mobbeombodet oppmodar barnehage- og skuleeigar til å vere med å skape ein tryggare digital kvardag for barn og unge. Dette er òg ein av barneombodet sine oppgåver dei neste tre åra. Digital dømmekraft bør vere eit fokusområde og ein bør legge til rette og jobbe for at føresette og barn får utvikle god digital dømmekraft.



# Førespurnadane

## KVA GJELD FØRESPURNADANE?

"Det er ikke vits i å si det til en voksen, de tror ikke på meg likevel."

Gut, 9 år

Det er variasjon i førespurnadane som kjem inn til mobbeombodet. Sakene er som regel komplekse og har gått føre seg over tid. Det kan ta lang frå krenkingane startar til vaksen får kjennskap til det som går føre seg.

Barna og dei unge blir vanlegvis utsett for fleire typar krenkingar og mobbing. Nokre av krenkingane som blir nemnd er fysiske (til dømes slag, spark, kvelartak, dratt av bukse, stengd inne, bruk av blyant, kniv), verbal (å bli kalla stygge ting, trugslar om vald/drap) og relasjonelle krenkingar som utestenging, baksnakking og kontroll.

Når det gjeld barn på dei yngste trinna i skulen kan mange fortelje at det starta i barnehagen og at mykje at det som skjer går føre seg på skulefritidsordning (SFO). Etter at barna er om lag ni år er digitale krenkingar nær alltid ein del av saka. 26 av dei 191 førespurnadane handlar om vaksne som krenkjer eller mobbar.

Dei unge opplev vondt i magen, hovudpine, dei vil ikkje gå på skulen eller i barnehagen og nokre kastar opp når dei må på skulen. Ein del av sakene gjeld barn og unge som har diagnosar eller utfordringar i samspel med andre barn og unge. Fleire opplev å bli avvist av andre barn. I nokre tilfelle er føresette med på å utestenge barn og av og til er det tilsette som krenkjer.

«Eg hatar friminutt».

Gut, 12 år

I nær alle tilfella når føresette eller unge sjølv tek kontakt har saka vore teke opp i barnehagen eller på skulen. Barna og familien opplever at barnehagen/skulen ikkje gjer noko eller at det dei gjer ikkje endrar situasjonen. Det er og ein stor del som trekk fram handteringa av saken hjå skulen som krenkjande og ei tilleggsbelastning. Heimen opplev ofte bagatellisering og når saken når ombodet er det ei vanskeleg dialog mellom skule og heim, tilliten er brote ned eller fråverande. Det ser ut til å vere brot på kapittel 9A i nær alle tilfella i skulen. Nokre føresette tek kontakt for å høyre korleis ein går fram for å bytte skule.

«Pappa, kan vi flytte?».

Jente, 4 år


Når det gjeld barnehage er det stor usikkerhet rundt kva barnehagen skal gjere og kor ein kan få hjelp utanfor barnehagen til å løyse saka. Både barn og føresette fortel om kjensle av avmakt i møte med skule og barnehage, men og i møte med andre føresette.

Tilsette kan og kjenne på avmakt, - dei veit ikkje kva dei skal gjere for å betre situasjonen til barna som har det vondt.



## FØRESPURNADANE I TAL

### Historisk utvikling




Frå august 2018 har det vore ein stor auke i førespurnader frå 14 første hausten til 191 i skuleåret 2018-2019. Dette er fordi mobbeombodet frå august 2018 fekk ansvar for barnehage og grunnskule i tillegg til vidaregåande skule og fordi ordninga med mobbeombod har blitt betre kjend.

### Fordeling førespurnadar 2018-2019

Område	Tal	Prosent
Barnehage	7	3%
Grunnskule	135	71%
VGS	34	18%
Andre*	15	8%
Totalt	<b>191</b>	100%

\*Førespurnadar som gjeld «andre» er til dømes i idrettslag, konfirmasjon, lærling.



I tillegg til desse 191 førespurnadane har ombodet motteke 11 generelle førespurnadar. Desse kan handle om tolking av lovverk eller å finne fram til verktøy og tiltak. Nokre unge lurar også på om mobbeombodet kan kome å besøke deira skule. Det er stor variasjon i kor mykje tid ein nyttar på dei ulike førespurnadane. Det gjeld dei generelle, men òg alle dei andre førespurnadane.

Det er flest førespurnadar som gjeld elevar i grunnskulen. Dei er fordelt som diagrammet til venstre visar.

Førespurnadane omhandlar om lag like mange gutar (42 %) og jenter (45%). I 13% av tilfella gjeld førespurnaden fleire elevar eller kjønn er ukjend. I

vidaregåande er det fleire saker som omhandlar jenter (17 førespurnadar om jente versus 8 om gutar).

### Kven tek kontakt?


I barnehage og grunnskule er det absolutt flest føresette som tek kontakt. I vidaregåande skule er det om lag like mange tilsette som føresette/elevar sjølve som tek kontakt. Det kan og vere andre familiemedlemmar, helsesjukepleiar eller psykolog som tek kontakt for rettleiing.

Dei fleste tek kontakt på telefon eller e-post, medan unge som sjølv tek kontakt gjer det via Snapchat.

### TIDSBRUK

Omboda i Hordaland har etter spørsmål frå Fylkestinget valt å kategorisere førespurnadane etter tidsbruk. Vi nyttar tre kategoriar.

- Kategori 1 - direkte svar. Dette er til dømes ei telefonsamtale og ein e-post.
- Kategori 2 – inntil ein dags arbeid. Til dømes ei telefonsamtale, undersøking i regelverk, samtale med andre instansar og svar på e-post eller telefon.
- Kategori 3 – omfattande kontakt. Fleire samtalar og eventuelt møte.



	1 Direkte svar	2 Inntil ein dags arbeid	3 Omfattande oppfølging
Barnehage	3	3	1
Grunnskule	74	55	6
VGS	13	14	7
Andre	12	3	0
<b>Totalt</b>	<b>102</b>	<b>75</b>	<b>14</b>

# Anna arbeid i 2018-19

## NETTSIDER, SOSIALE MEDIUM OG MEDIA

På nettsida <https://www.hordaland.no/mobbeombod> finn ein informasjon om kva ombodet gjer og korleis ein kan få hjelp av ombodet.



Mobbeombodet er på facebook under [www.facebook.com/mobbeombodet](http://www.facebook.com/mobbeombodet). Her delast relevant informasjon, tips og nyhende. Facebook-sida er retta mot føresette og tilsette i oppvekstfeltet. Sida har meir enn 1750 følgjarar.

Frå januar 2018 har mobbeombodet i tillegg valt å satse på Snapchat (søk på «mobbeombod») som ein informasjonskanal for å nå ut til fleire unge. My story når ut til om lag 150 personar.

Mobbeombodet har ei intranettside som er tilgjengeleg for alle tilsette i Hordaland fylkeskommune.

Mobbeombodet ønskjer å vere synleg i media. Ho har skrive eit debattinnlegg til Bergensavisen våren 2019 «Men du er jo ikke på Snapchat, Julie»<sup>1</sup>. Ho har og hatt ei fast spalte i Bergens-magasinet «Barn i Byen» skuleåret 2018/19, med totalt fem innlegg.

Mobbeombodet har vore intervjuet til minst seks artiklar og nyhendesaker hos NRK Hordaland, Bergens Tidende, Bergensavisen, Marsteinen og Barn i Byen. I tillegg fekk pressemeldinga om ombodet si utvida målgruppe god dekning på mange kommunar sine nettsider, samt i fleire lokalaviser, til dømes Os- og Fusaposten, Bømlo-nytt, Askøyværingen og Fanaposten.

Ombodet har blitt intervjuet på radio lokalt og nasjonalt.

Ombodet har og vore intervjuet av podcasten til «Lektor Lomsdalen», på podcasten til «Mammabanden» og har «teke over» Snapchat-kontoen til Mammabanden ein ettermiddag (mellom 20 000-30 000 følgere).

## WORKSHOP, INNLEGG OG FØREDRAG

Arbeidet med å gjere ordninga kjent er eit kontinuerleg arbeid, særleg i år med utvida målgruppe er dette arbeidet viktig. Ombodet har heldt 46 føredrag og innlegg.

Målgruppe	Antall
Elevar/ungdom	9
Føresette	8
Lærarar/lærarstudentar	12
Kommunar (til dømes leirsamling oppvekst, barnehagestyrarar, rektorsamlingar)	7
Anna (konferansar, organisasjonar, politiske møte)	10
Totalt	46

Ombodet har mange ulike tema på føredraga sine, men generelt informerer ombodet om ombodsordninga, si rolle, om rettane til eit god skule/barnehagemiljø, det å høyre til og mobbing. Mange elevar og føresette

<sup>1</sup> <https://www.ba.no/debatt/debatt/meninger/men-du-er-jo-ikke-pa-snapchat-julie/o/5-8-981526>

fortel at dei ikkje kjente til kapittel 9A og rettane sine. Ombodet opplever likevel at mange skular har meir fokus på å formidle denne informasjonen enn tidlegare.

På kommunenivå delar ombodet kva ho ser går att i sakene. Det er òg mange som ønskjer fokus på digital dømmekraft, samt korleis skule og heim kan jobbe saman for eit betre skulemiljø.

### **Har ikkje kapasitet**

Ombodet har måtte seie nei til meir enn 15 førespurnader om å helde føredrag eller workshop i 2018/2019. Nokre av dei blir planlagd gjennomført hausten 2019.

### **Andre aktivitetar**

Mobbeombodet har vore arrangør for fleire aktivitetar og seminar, deriblant ei workshop på Arendalsuka 2018, saman med mobbeombodet i Buskerud, Medietilsynet og Specifique om «Dialogduk» – eit samtaleverktøy om digital dømmekraft for føresette til elevar på 2. trinn.

Mobbeombodet arrangerte Safer Internet Day saman med Barnevakten og Medietilsynet i februar 2019. Det blei markert for første gong i Bergen. I tillegg var ho med i prosjektgruppa som arrangerte samlinga «Auka trivsel – og plass for alle».

I tillegg har mobbeombodet invitert til tre samlingar med ressurspersonar til eit nettverk for trygge og gode oppvekstmiljø.

## **Samarbeid og systemarbeid**

### **KOMMUNANE**

Mobbeombodet har prioritert og takka ja til foredrag og samarbeidsmøte på leiarnivå i alle kommunar som har kontakta ho.

Mobbeombodet har informert kommunane i Hordaland om at ho ønskjer seg ein kontaktperson i kvar kommune. Ho har registrert at ho har fått ein slik kontaktperson i følgjande kommunar: Askøy, Bergen, Bømlo, Eidfjord, Granvin, Os, Samnanger, Ulvik og Voss.

Etter 2020 ønskjer mobbeomboda i Vestland seg framleis kontaktperson i alle kommunar og kjem til å ta kontakt igjen, men oppmodar og kommunane sjølve til å ta kontakt med mobbeomboda.

### **BARNEHAGAR OG SKULAR**

Mobbeombodet opplever for det aller meste eit godt samarbeid med barnehagar og skular, både når det gjeld det førebyggjande arbeidet og i arbeid med konkrete saker.

Mobbeombodet ber om at kontaktinformasjon til ombodet leggjast tilgjengeleg på skular og barnehagar sine nettsider, intranettsider eller der det er naturleg.

## SAMARBEID MED ELEV-, LÆRLING- OG MOBBEOMBODA I NOREG

Mobbeombodet har eit godt samarbeid med elev- og lærlingombodet i Hordaland. Det er godt å ha ein sparringspartnar. Omboda har og starta samarbeid med omboda i Sogn og Fjordane med tanke på den framtidige samanslåinga.

Det er no tilsett mobbeombod i alle fylke. Elev- og lærlingomboda i landet og dei fylkeskommunale mobbeomboda i Noreg, har danna eit felles nettverk: ELMO. Omboda arrangerer i fellesskap to samlingar årleg. Frå våren 2019 har også alle elev- lærling-, og mobbeomboda i Noreg fått tilbod om kompetanseheving på Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger. Ombodet har teke del på to slike samlingar i året som har gått.

## Vegen vidare




Foto: Atle Kold Hansen, HFK

Hausten 2020 ser ut til å bli like travel som fjoråret. Det er fortsatt viktig med informasjonsarbeid for å nå ut til målgruppa. Frå 1.8.19 vil ombodet få noko hjelp (20-30% stilling) til å handtere informasjonsarbeid. Ombodet ser at det er særleg føresette og tilsette i barnehagane som ikkje veit at omboda finst. Ho vil hausten 2019 og våren 2020 prioritere informasjonsarbeid og oppdrag retta mot barnehagane og barnehagesektoren.

Frå 1. januar 2020 slår Hordaland Fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune seg saman og vi vil vere to mobbeombod ut 2020.

Forskingsinstituttet NOVA evaluerer for tida ordninga med mobbeombod. Forskingsrapporten skal vere klar juni 2020 og ein ventar nasjonale politiske føringar for vegen vidare for mobbeomboda hausten 2020 eller våren 2021.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

